



## Notat

Dato: 04.05.2015  
Arkivsak: 2014/19439-60  
Saksbehandlar: arnasan

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Utlysing av ledige stillingar ved Masfjorden tannklinikk

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 er teke inn følgjande:

«**Mona Røsvik Strømme** sette på vegner av H, Frp, V, Krf, SV, Sp og A fram slikt oversendingsforslag:

«Fylkesutvalet ber om at dei ledige stillingane ved Masfjorden tannklinikk blir lyst ut.»

Strømme sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagstillarane utan realitetsbehandling.»

Fram til og med 31. desember 2014 var Masfjorden tannklinikk bemanna med 40% tannlege og 40% tannhelsesekretær. Det blei fram til då gitt eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientgrupper busette i kommunen samt ein del betalande pasientar. Både tannlegen og tannhelsesekretæren slutta i stillinga ved årsskiftet 2014/2015.

Fylkesrådmannen har etter ei totalvurdering kome fram til at beste løysing for å dekke behovet for tannhelsetenester i Masfjorden kommune, er at ein tannlege og ein tannhelsesekretær tilsett i Nord tannhersedistrikt ambulerer til Masfjorden tannklinikk ein dag pr veke – eller etter behov. Ei slik løysing vil gje eit tannhelsetilbod til alle prioriterte pasientgrupper busette i kommunen. Betalande pasientar må få si tannbehandling utført hos privatpraktiserande tannlegar i Nordhordland.

Grunna betre og kortare reiseveg har nokre pasientar i dei prioriterte gruppene busett i Masfjorden kommune ønska å få sitt tannhelsetilbod på Knarvik tannklinikk.